



Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteprotokoll

Utvalg: Arbeidsutval nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Teams

Dato: 11.12.2023

Tidspunkt: 13:00 – 14:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Per Magnus Berdal	Leiar	
Bjarne Eiof Holø	Nestleiar	
Mariann Skotte	Medlem	

Merknader:

Avtalt møtetid: Førebuing: 1t, Møte: 1t.

Øvrige frammøtte:

Navn	
Kristine Sørli	Nasjonalparkforvaltar
Mari Melbø Rødstøl	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Per Magnus Berdal
Sign.

Bjarne Eiof Holø
Sign.

Mariann Skotte
Sign.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 3/2023	Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2024 - plassering og tilsyn av jervbås - Marius H. Kornkveen		2023/11565

ST 3/2023 Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2024 - plassering og tilsyn av jervbås - Marius H. Kornkveen

Saksprotokoll i Arbeidsutval nasjonalparkstyret for Reinheimen - 11.12.2023

Behandling

Vilkår som gjeld varsling til SNO om transport skal rettast til SNO v/Thomas Rødstøl.

Samrøystes som innstillinga frå forvaltar.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Marius Kornkveen dispensasjon til å plassere ein jervbås ved Rusten seter innafor Lordalen landskapsvernområde, og motorferdsel for utkøyring og tilsyn av båsen ved Rusten seter.

Dispensasjon til utkøyring og plassering er gjeve med følgjande vilkår:

- Jervbåsen kan plasserast 50 meter nordaust for seterkvea, som vist på kart i saksutgreiinga.
- Dispensasjon til plassering er gjeve for lisensjaktperiodane 2023-2024, med moglegheit for forlenging.
- Båsen skal fjernast frå verneområdet når den ikkje lenger skal nyttast under lisensjakt.
- Båsen skal køyrast ut med traktor på frosen mark.
- Dersom det blir synleg terrengskade etter utkøyring skal skaden rettast opp av tiltakshavar.
- Transporten skal varslast SNO v/Thomas Rødstøl (mobilnr.: 915 47 617) seinast dagen før.

Dispensasjon til motorferdsel på vinterføre med snøscooter blir gjeve med følgjande vilkår:

- Transporten skal gjennomførast i samband med lisensfellingspeioda 2023/2024, og gjeld for inntil 5 turar med ein snøscooter, frå og med 10.desember 2023 til og med 15.februar 2024.
- Køyringa skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv.
- Transporten skal gjennomførast av tiltakshavar. Det er ikkje krav om bruk av kommunal leigekøyrar for tiltaket.
- Køyretrasé: Lordalsvegen til Rusten seter. Retur same veg.
- Dispensasjon skal takast med under transport, for framvising ved eventuell kontroll.
- Seinast dagen før skal SNO v/ Thomas Rødstøl varslast på mobilnr.: 915 47 617
- Køyrerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 5.juni på vedlagde køyrebok.

--- slutt på innstilling --